



# PLAN FOR KVALITETSUTVIKLING

## HELLAND SKULE 2015-2019

Vi ønsker eit trygt, utfordrande og stimulerande lærings- og oppvekstmiljø for elevane ved Helland skule



## 1. Innleiing

Helland skule sin Plan for kvalitetsutvikling er forankra i *Opplæringslova, Forskrift til Opplæringslova (i sær kap. 2 og 3), St.meld.nr. 31- Kvalitet i skolen* og *Læreplanen for grunnskolen - LK06 Kunnskapsløftet*.

Planen blir årleg oppdatert. Planen skal vere eit verktøy for alle tilsette i skulen, der det tydeleg kjem fram kva vi vil prioritere på nokre sentrale område. I planarbeidet vil ein jobbe mot konkrete og målbare fokusområde, mål og tiltak.

Del 6 er sentral i denne planen. Her blir m.a. målsetjingar, tiltak og vurderingar synleggjort innanfor dei områda vi til ei kvar tid vektlegg mest. Vi viser vidare sentrale trekk frå Helland skule sin utviklingshistorikk, då ikkje minst med fokus på at *ein lærande organisasjon* blir utvikla i fellesskap – over tid. I tillegg gir handlingsplanen nokre signal om utviklingsfokus framover i tid.

Planen har flg. oppbygging:

1. Innleiing
2. Overordna visjon for Helland skule
3. Rapportering – status for hovudsatsinga 2017/2018
4. Skulebasert vurdering
5. Fagkompetanse- og vidareutdanningsbehov
6. Handlingsplan og satsingsområde
7. Økonomi

I påvente av ny kommunal kvalitetsutviklingsplan for ny 4 års periode er denne fireårsplanen utvida med eitt ekstra skuleår, 2018-2019.

Helland skule, januar 2019

Gisela Smith-Nilsen

-rektor/driftsleiar-

*Planen er sist oppdatert 17.01.2019*

## 2. Overordna visjon for Helland skule

Vi ønskjer eit trygt, utfordrande og stimulerande lærings- og oppvekstmiljø for elevane ved Helland skule.

- der elevane er aktive og kreative
- der elevane lærer seg å vere reflekterte og kritiske
- der lærarane legg til rette for gode lærings situasjonar
- der lærarane gir elevane medverknad i læringsarbeidet
- der det blir gitt rom for anna organisering av klassa enn den tradisjonelle
- der samarbeid er ein viktig arbeidsmåte
- der vi legg til rette for at læringsarbeidet også kan gjennomførast i bolkar med større grad av tilpassa opplæring og fleksible løysingar

### **3. Rapportering - status for hovudsatsinga 2017/2018**

#### **3.1 Årsplanar**

Årsplanane vart enkelt revidert ved oppstarten av skuleåret 2014/15. Oppdaterte versjonar er tatt i bruk på alle fagområda frå skuleåret 2016/2017. Faggruppene har drøfta innhaldet i årsplanane, og sikra at planane særleg i norsk, matematikk og engelsk har med alle læringsmål frå LK-06. Kompetansemåla i årsplanen i alle faga blir kvar haust korrigert mot eventuelle endringar/nye kompetansemål på udir.no. Gjennomgang årsplanar i 2017/2018 med fokus på faglærar sin praksis med å inkludere *rekning i sitt fag*. Alle årsplanar i alle fag er frå skuleåret 2018-2019 lagt ut på Office365, deling med brukarar i OneNote.

#### **3.2. Årshjul – 1. – 10.klassesteg**

Hausten 2018 starta arbeidet med å utarbeide årshjul på klassesteg. Målet er at arbeidsåret på klassesteget blir meir oversiktleg for lærarane. Årshjulet skal utarbeidast av lærarar på kvart team og skal bygge på skulen sitt årshjul og fellesmøteplan.

#### **3.3 SOL (Systematisk observasjon av lesing)**

Alle elevar på 1.-10.årssteg blir «sola», og resultatata blir registrert i kartleggingsverktøyet Conexus Engage (tidlegare VOKAL). SOL-arbeidet blir drøfta både på klasseteam og i storsteam. Her blir det hovudsakleg drøfta system, tolking av resultat og arbeidet med utarbeiding av ressursbank og tiltak. I tillegg er enkeltelevar drøfta i klasseteam. Skuleåret 2018-2019 arbeider ein med å finne alternativt kartleggingsverktøy som kan erstatte SOL.

#### **3.4 Rettleiingsmøte 1.-10. klasseteam**

Planlegging og utforming av rettleiingsmøta våren 2018. Frå skuleåret 2018-2019 oppstart av rettleiingsmøter for klasseteama på dei ulike årssteg ved Helland skule. Kvart årssteg får ei ramme på inntil ein klokke time. Rettleiingsteamet er samansett av rektor og inspektørar frå Helland skule og representant frå PPT. Analysemodellen legg ramma for møta og klasseteamet har ansvar for å kome førebudd med aktuelle drøftingstema. Aktuelle tema kan vere: læringsutbytte, tilpassing undervisning for klasse/gruppe/enkeltelev, vaksenrolla/eigen praksis m.m.

Før klasseteamet deltek på rettleiingsmøte må dei avklare og velje ut tema dei vil prioritere å drøfte. Klasseteamet må ha gjennomdrøfta *analysedel*, før ein kan gjere refleksjonar omkring *strategi- og tiltaksdel*. Bruk av *Støtteark klasseteam*. Mellom rettleiingsmøte 1 og 2 skal klasseteamet prøve ut strategi- og tiltak som ein har kome fram til under rettleiingsmøte.

Målet med rettleiingsmøta er å gjere tilsette i skulen tryggare i arbeidet med tilpassa opplæring.

### **3.5 Hellandmodellen – matematikk 1.-10.klasse**

Oppstart av matematikkprosjekt hausten 2018 med tittelen *Hellandmodellen*. Arbeidsgruppe med matematikklærarar, ein frå kvart hovudsteg. Faste møter med arbeidsgruppa og leiinga på skulen. Presentasjon av prosjektet til lærarane på personalmøte haust 2018. Oppstart med å utarbeide årsplanar i faget for alle 10 årsstega våren 2019. Vidare arbeid: vurdere innkjøp av t.d. konkreter, utarbeide læreverk (ressursbank inkludert), utarbeide vurderingsverktøy i Microsoft Forms m.m. Målet er å kunne møte dei nye fagkrava i matematikk frå 2020 og samtidig få ein felles praksis i undervisninga.

### **3.6 Innføring av læringsbrett 1.-4. klasse og kurs tilsette**

Skuleåret 2017-2018 starta vi opp med å prøve ut læringsbrett i undervisninga på småskulesteget. Spesielt fokus på bruk i faga norsk og matematikk. Uprøving av ulike appar og nettsider. Hausten 2018 starta kurs for lærarar 3. og 4. klasse. Våren 2019 vil det bli kurs for lærarane på 1. og 2. klasse. Rikt AS har ansvaret for den pedagogiske opplæringa. Hausten 2018 blei det innført felles appar som alle grunnskulane i Vestnes skulle ta i bruk. Helland skule har i skuleåret 2018-2019 og starta opp med Multi Smart 1.-7. klasse, matematikkopplæring digitalt.

### **3.7 Office365**

Helland skule starta opp arbeidet med å ta i bruk ny fellesplattform for lærarane i 2017-2018. Oppretting av dokument og korrespondanse i skybasert løysing er no vårt kvardagsverktøy i arbeidet på skulen. Informasjon og dokument for lærarar og administrasjonen er no samla her og erstattar den tidlegare fellesserveren på skulen.

### **3.8 God brukarmedverknad (standard 4)**

Det har ikkje blitt utarbeidd felles kommunale standardar hausten 2018, grunna prioritering av innføring av nye digitale verktøy.

På skulen blir brukarmedverknad ivaretatt gjennom arbeidet i rådsorgana og ved brukarundersøkingar. Hausten 2018 er temaplan for foreldremøta ved Helland skule revidert. Planen skal vere eit viktig verktøy ved planlegging av foreldremøte, der både kontaktlærar og foreldrekontakter skal samarbeide om å utarbeide saksliste.

#### **4. Skulebasert vurdering**

Sjå pkt. 6 i handlingsplanen (blå farge):

- Dei 4 standardane
- Rettleiingsmøte
- Teamsamtalen (nytt av 2015)
- Brukarundersøkingar – nyttiggjering
- Conexus Engage (Vokal)
- Skulebesøk

#### **5. Fagkompetanse- og vidareutdanning 2017/2018**

- Skuleåret 2017/2018 var to lærarar i vidareutdanning i faga matematikk 2 og norsk 1. Skuleåret 2018/2019 er 3 lærarar ved skulen i vidareutdanning innan faga engelsk1 og norsk 2. Det vil og i åra framover vere behov for vidareutdanning av lærarar ved Helland skule spesielt innan fagområda engelsk, norsk/grunnleggande norsk for språklege minoritetar og spesialpedagogikk.
- Lærarane treng å dele sin kompetanse med kvarandre i faga dei underviser i både reint fagleg, didaktisk og pedagogisk. Vi vektlegg dette svært sentrale læringsarbeidet i teamarbeid, og meir styrt gjennom fag- og refleksjonsgruppearbeid.
- I løpet av våren 2019 vil administrasjonen, storsteamleiarane, og 2 lærarar ( barneskule/ungdomsskule) få opplæring og gjennomgang av Office365 og Skooler Pro.

#### **6. Handlingsplan og satsingsområde**

Vi har i den påfølgande handlingsplanen sett opp fleire område Helland skule har arbeidd med dei siste åra, for både å løfte fram utviklingshistorikk og skape samanheng. Dei nyaste satsingsområda kjem først/øvt i tabellen.

Det er eit grunnleggjande prinsipp for Helland skule, at vi vil tilstrebe foredling, implementering og institusjonalisering av igangsette satsingar som har vist seg gode. Planen skal vere eit verktøy som bidreg til dette. Det vil elles gå fram av oversikta kva utviklingsområde som er avslutta.

Fargebruk i tabellen:

- Framtidige satsingsområde
- Fokusområde skuleåret 2018/2019
- Tidlegare satsingsområde
- Område relatert til skulebasert vurdering

## HANDLINGSPLAN FOR LÆRINGSTEMA / UTVIKLINGSARBEID

Tema	Mål / teikn på god praksis	Tiltak	Tidsperpektiv	Ansvar	Samarbeids-partar	Vurdering og status
<b>Standard 4:</b> <b>GOD BRUKAR-MEDVERKNAD</b>	<i>Vi vil ha eit velfungerande elevdemokrati, og eit godt samarbeid med føresette som styrkar eleven sitt læringsutbytte!</i>  Vi har god brukarmedverknad når; -		2018/2019	Assistentar, lærarar og leiinga	Kommunalsjef oppvekst  PPT	Utarbeiding av felles kommunale standardar haust 2018 er ikkje gjennomført

<b>Årshjul klassesteg</b>	Utarbeide årshjul på klassesteg	Få ei oversikt på klassenivå over aktivitetar gjennom skuleåret	H2018→	Lærarar	Leiinga	Utarbeidast og ferdigstillast skuleåret 2018-2019
<b>IKT</b>	Vidare arbeid med innføring av Office 365  Utprøving av læringsbrett i undervisning småskulesteget  Innføring av digital undervisning i matematikk, Multi Smart  Innføring av Skooler Pro	Praktisk bruk av verktøyet i undervisninga og som kommunikasjonsverktøy	V2017→  H2017→  H2018→  V2019→	lærarar og leiinga	Kommunalsjef oppvekst  IKT-systemansvarleg	Skulen har tatt i bruk Visma Flyt Skole og Office365
<b>SOL (Systematisk observasjon av lesing)</b>	Gjere lærarane trygge i den direkte solinga av elevane  Utarbeide ein ressursbank for alle årssteg, dette gjeld både SOL-materiell og tiltak	Setje av tid til drøfting rundt system og enkeltelevar. LP-modellen sitt analyseverktøy vil bli brukt i desse gruppene.  Fagleg påfyll og konkrete råd frå t.d. Gjesdal kommune som har arbeidd lenge med SOL	H2012→	Faglærarar	PPT/  Skuleleiar-gruppa	Status:  Vurderast å bytte ut med anna kartleggingsverktøy



	Rapportere inn kartleggingsresultat i desember og juni					
<b>Rettleiingsmøte klasseteam</b>	Styrke arbeidet med tilpassa opplæring	Rettleiingsmøte klasseteam ved bruk av analysemodellen	H2018→	Leiinga	PPT	Gjennomført haust 2018 på alle klasseteama.
<b>Hellandmodellen</b>	Ei gjennomtenkt matematikk-undervisning frå 1.-10.steg	Utarbeide <i>Hellandmodellen</i> med ein felles progresjon i faget	H2018→	Arbeidsgruppe lærarar	Leiinga	Oppstart av prosjektarbeid haust 2018 med mål å ferdigstille arbeidet våren 2020
<b>Teamsamtalen</b>	Fokus på samarbeid og fellesskap kring utvikling – å gjere kvarandre gode!	-Haustsamtale med kvart team med hovudfokus på god leiing og godt vurderingsarbeid (kartlegging→undersøking og utprøving av tiltak innanfor rammene→ekstra tiltak?)  -Vårsamtale med fokus på komande skuleår, overgang osv. for både elev og lærarar/team	F.o.m. vår 2015	Skuleleiar-gruppa og teama		Implementert.  Utprøving, óg som erstatning/supplement for den “obligatoriske” medarbeidar-samtalen.  Dei som ikkje høyrer naturleg til på team, får individuell samtale i tida

						jan-feb. Det får øg andre som ber om individuell samtale.
<b>Standard 3:</b>  <b>GODT LÆRINGS- MILJØ</b>	<i>Godt læringsmiljø for både elever og tilsette!</i>	Felles kursdag for lærarane i dei kommunale grunnskulane august 2017  Fokus på rekning i alle fag på alle på alle stega.  Arbeid med årsplanar og eigen praksis  Innføring av uteskule på 1.-4.klasse med fokus på fagområda lesing og rekning.	V2017→	Assistentar, lærarar og leiing	Kommunalsjef oppvekst  PPT	Implementert  Analysere resultat ferdigheiter i matematikk våren 2017
<b>Standard 2:</b>  <b>GOD LEIING</b>	<i>Vi vil ha gode klasse- og læringsleiingar!</i>  Vi har god klasse- og læringsleiing når;  - skulen sin innsats fører til læring for elevane  - motiverer og har tydelege forventningar til elevane	Eigen tidsplan er sett opp for perioden 2015 – 2016.  Tidsplanen er forankra i PS 20/2015	V2015→	Assistentar, lærarar og leiing	Kommunalsjef oppvekst  HIVOLDA  PPT  Prosjekt-retteiar	Implementert  Skulen har utarbeidd og tydeleggjort desse standardane for eigen skule.  Fokus: involvere elevane i si eiga læring og god

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- elevane blir involvert i si eiga læring</li> <li>- vi bygg positive og støttande relasjonar mellom vaksne og elevar</li> <li>- vi har god struktur og tydelege reglar – i og utanfor klasserommet</li> </ul>					struktur og tydelege reglar
<b>Standard 1:</b>  <b>TILPASSA OPPLÆRING OG TIDLEG INNSATS</b>	<i>Vi vil sikre at fleire elevar får tilfredsstillande utbyte innanfor den ordinære opplæringa!</i>  <b>Vi har god tilpassa opplæring/tidleg innsats når vi;</b>  <b>-har god vurdering og kartlegging</b>  <b>-drøftar utfordringar i lag, der ein har fokus på undersøkjing og utprøving innanfor</b>	Fagdagar i regi VeRa-prosjektet.  Drøfte i lag med PPT.  Jamleg evaluere ressursutnyttinga.  Drøfte praksis i refleksjonsgrupper.  Drøfte utfordringar og dele erfaringer i faggrupper.	(H2012→)  Hovudsatsing f.o.m. H2014→	Assistentar, lærarar og leining	PPT	Status:  Implementert

	<p>den ordinær ramme og opplæringa</p> <p>-har fokus på elevar som heng etter, og raskt setje inn tiltak for å hjelpe</p> <p>-sikrar god variasjon i undervisninga, der m.a. konkrete blir nytta</p> <p>-sikrar at ny lærdom bygg på det elevane har lært før</p> <p>-bygge gode relasjonar mellom lærar, elev og heim</p>					
<b>Aksjonslæringsmodellen</b>	Sikre gode refleksjonar, tiltak og evalueringar rundt vårt pedagogiske arbeid som lærarar	Arbeidsmetode for å sikre ei breiare læringsløyfe i arbeidet med å bearbeide/spisse mål og fokusområde for vurdering/utvikling av eigen praksis	H2015→	Skuleleiar-gruppa, teama og læraren		Avslutta.  Arbeidsmetode i utviklings-arbeidet ungdomsstrinnsatsinga
<b>Refleksjonsgrupper</b>	Sikre gode refleksjonar, tiltak og evalueringar	Refleksjonsgrupper omlag kvar tredje veke, nokre	H2012-V2014	Refleksjons-gruppeleiarar og leiinga	PPT	Status:  Avslutta

	rundt vårt pedagogiske arbeid som lærarar	gonger fritt tema, andre gonger styrt tema	Ein del av eit samarbeidsprosjekt mellom Vestnes og Rauma i denne perioden			
<b>Årsplanar</b>	<p>Revidere årsplanane i alle fag. Nokre fag vil få meir fokus i faggrupper, andre årsplanar er det den enkelte faglærer som arbeider med</p> <p>Kvalitetssikre årsplanane vidare utifrå målsetjingane i kvar faggruppe. Årsplanane skal bli meir tydelege på kva som er basiskunnskapar, og då må desse kunnskapane prioriterast i årsplanane</p> <p>Implementere «Det er mitt val» i dei faga det er naturleg</p>	<p>Dei reviderte årsplanane skal leggjast ut på PedIT i september kvar haust, slik skulane i Vestnes er pålagt å gjere</p> <p>Samarbeid i faggrupper både på hovudsteg og på tvers av hovudstega</p>	H2012-V2015	<p>Fag-lærarane</p> <p>Faglærer legg årplanane i sine fag i årplan-mappa på klassen si side på Pedit. Inspektør sjekker at arbeidet er gjort.</p>	IKT system-ansvarleg	<p>Status:</p> <p>Avslutta</p> <p>Felles malar er tatt i bruk og nye årsplanar er utarbeidd.</p> <p>Årsplanarbeid gjennom året</p> <p>Drøftast i faggrupper</p> <p>Gjennomgang kvar haust i forhold til nye kompetansemål/ endringar i faget frå udir.no</p>

	Implementere element frå IKT-planen i årsplanane for fag					Lagt ut på Office365
<b>STL</b> <b>(Skrive seg til lesing)</b>	Sikre ei god leseopplæring for alle på småskulesteget.  Elevane skal lære enkelt arbeid med tekstbehandling på datamaskin.	Bruke datamaskina som hovudverktøy og gi elevane individuell nivåbasert leseopplæring med tydelege grafem- fonemforbindingar i skrivearbeidet	H2013; innført på 1. steget.  H2014; 1.og 2.steg arbeider med STL.  H2015; 1.- 3.steg arbeider med STL. Nedtrapping i.l.a. 3. steg.	Lærarar på småskule- steget	IKT system- ansvarleg Trond Strandman  Brita Kringstad Fræna kommune  PPT  Kommunalt samarbeid	Status: Implementert
<b>Det er mitt val</b>	Utvikle sosial kompetanse for elevane.  Knyttast til årsplanane i enkelte fag der det er samanfallande tema.	Fast på timeplanen kvar veke.  Knyttast til andre fag og setjast inn i årsplanar der det er naturleg.	H2011→	Lærarar og leiinga		Status: Implementert
<b>MOT</b>	Utvikle MOT- eigenskapar og anna sosial kompetanse hos elevane	Eigne MOT-ambassadørar har opplegget. 7.-10.steg	H2011→			Status: Implementert
<b>TL</b>	Skape fysisk aktivitet og trivsel i friminutta.	Halde fram med faste LP- møter med elevane	H2011→	Leiinga, elevråds-	kommunalt samarbeid	Status: Implementert

<b>(Leikepatruljen erstattar tidelager trivselsleiar-ordninga frå 2018)</b>	Utvikle sosial kompetanse.  Øve enkelte elevar til å ta ansvar og leie lek.			leiarane, LP-elevar og alle som har inspeksjon		
<b>Plan for trivsel</b>	Alle som arbeider i skulen skal vite rutiner og tiltak for trivselsrelaterte saker, m.a. når det oppstår mobbesaker	Trivselsplan åjourført og komplettert jan-2014. Ny godkjenning SU/SMU vår 2014.  Arbeide i tråd med planen.		Alle tilsette		Status: Implementert
<b>Plan for læringsstrategiar</b>	Elevane skal med stigande alder kunne eit utval læringsstrategiar dei kan bruke i læringsfremjande arbeid	Planen vart ferdigstilt hausten 2010, og er under revidering våren 2014 for å få snevra inn til færre strategiar vi vil forplikte oss meir på å bruke i undervisninga.	H2010→	Lærarar		Status:  Delvis implementert  - fornyingsarbeid pågår
<b>Plan for IKT-opplæring for elevane</b>	Kvart årssteg skal ha faste kompetansemål å arbeide med	Grunnskulane i Vestnes har tatt i bruk IKT-plan som er utarbeida av Senter for IKT  <a href="http://www.iktplan.no">www.iktplan.no</a>	H2015→	Leiinga og lærarar		Status:  Implementert  Plan for øving av digitale ferdigheiter i grunnskulen.
<b>Vurdering for læring</b>	Eleven skal kjenne mål og mening med opplæringa, og få	Kompetansemåla brutt ned til tydelege læringsmål.	H2007→	Leiinga og lærarar		Status:  Implementert

	tydeleg rettleiing i kva og korleis han/ho kan bli betre	Klære kriterie for måloppnåing.  Fortløpande lærings-dialog med elev og føresette med vekt på framovermelding				Læringsmål blir tydeleggjort på vekeplanar/ periodeplanar til elevane på alle klassestega
<b>Plan for sosial kompetanse</b>	Kvart årssteg sjå kva dei skal jobbe med innafør sosial kompetanse	Denne planen vart utarbeidd i 2007, men etter kvart lagt vekk då andre verkty for sosial kompetanse tok over	H2007-V2009	Leiinga og lærarar		Status: Avslutta
<b>«Ugleboka» (elev sin plan)</b>	Kvar elev vel sine mål, og vurderer arbeidet sitt	Dialog om elev si læring.  Lærar kommenterer i boka m.m.	H2006-V2009	Leiinga og lærarar		Status:  Avslutta
<b>Brukarundersøkingar</b>	Evaluere og forbetre læringsmiljøet for elevane ved å gjennomføre trivselsundersøking og elevundersøking  Evaluere og forbetre samarbeidet med heimane ved å gjennomføre foreldreundersøking  Gjennomføre brukarundersøking SFO	Drøfte resultat på fleire nivå i skulen	Spørjeundersøking kvar haust. Evaluere resultat over nyttår.	Leiinga og lærarar	FAU/SU/ SMU	Status:  Årleg arbeid  Foreldreundersøkinga kvart partalsår



<b>Conexus engage (vokal)</b>	Registrering av kartleggingsprøver	Drøfting av resultat og tiltak på ulike nivå i skulen	Kontinuerleg	Leiinga og lærarar		Status: Implementert
<b>Skulebesøk</b>	Status og framdrift - drift og utviklingsarbeid		Kvart år i februar/mars	Skuleleiinga	Plangruppa, kommunal-sjef og adm.sjef	Status: Årleg

## 7. Økonomi

God økonomistyring handlar i stor grad om å prioritere rett og klokt innanfor gitte rammer. Tiltaka vi har lagt opp til i Plan for kvalitetsutvikling vil bli dekt gjennom skulen sitt budsjett eller ved andre avsette kommunale midlar.